



Arkivnr: 2018/13163-33

Saksbehandlar: Roald Landøy, Erlend Hofstad, David Aasen Sandved

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		24.04.2019

Tilskot til sikring og istandsetjing av verna fartøy. Fordeling 2019**Samandrag**

Saka gjeld fordeling av tilskot til sikring og istandsetjing av verna fartøy. Målgruppa er eigarar av fartøy som er freda eller har fått tildelt status som «verna fartøy» av Riksantikvaren.

Fartøy utgjer ein viktig del av den norske kulturarven, og Hordaland er det fylket med flest freda og verneverdige fartøy i landet. Fartøyvern er eit fagområde der frivillige, lag og organisasjonar har teke på seg eit stort fagleg og økonomisk ansvar. Tilskotsordninga for sikring og istandsetjing av verna fartøy er eit bidrag frå det offentlege for å støtte opp under dette arbeidet. Halvparten av midlane er løyva av Hordaland fylkeskommune og resten av Riksantikvaren. Talet og storleiken på søknadene viser eit stort behov for sikring og istandsetjing av dei verna fartøya.

Generelt	
Sum til fordeling, jf. budsjett 2019	1 700 000 kroner
Søknadsfrist for tildeling	1. november 2018
Vedtak kriteria	Retningsliner fastsett av KIRU 14.09.2016, sak 113/16
Informasjon om ordninga	Nettstad og utlysing i trykte media

Søknader for 2019	
Tal på søknader:	25 søknader
Tal på søknader som er tilrådd støtte:	21 søknader
Samla søknadssum:	8 591 003 kroner

Fylkesrådmannen sine overordna kommentarar:

Vestlandet har alltid vore avhengig av samferdsle på sjøen. Eldre fartøy og båtar er difor ein viktig del av Hordalandshistoria. I dag er fylket sine flytande kulturminne ein svært viktig ressurs for kunnskap, oppleveling og bruk. Fartøyvern er ein del av kulturminnevernet der frivillige, lag og organisasjonar har teke på seg stort fagleg og økonomisk ansvar. Hordaland har i nasjonal samanheng utvikla ein sterk regional politikk for å støtte opp under desse kretene, og regionale midlar til vern av fartøy har vore prioritert på lik linje med andre felt innan kulturminnevernet.

Gjennom såkalla [SAVOS-tilskot](#) tildeler Riksantikvaren statlege midlar til kommunar og fylkeskommunar som sjølv gir midlar til fartøyvern, i tilhøvet ein til ein. I tillegg til dei kr 850 000 som vart løyva til denne tilskotsordninga i Hordaland fylkeskommunens budsjett for 2019, kjem altså ein tilsvarende sum frå Riksantikvaren slik at den samla summen til fordeling er kr 1 700 000.

Meir enn 60 prosent av dei feda og verna fartøya i fylket har søkt om tilskot for i år, og den samla søknadssummen er fem gonger større enn midlane som er til fordeling. Fleire fartøy treng ei totalrestaurering, og kostnadene for desse er ofte fleire gongar høgre enn den samla summen som er til rådvelde i tilskotsordninga. I dei meir omfattande søknadene er det difor berre rom for å tildele ein avgrensa del av den omsøkte summen, eventuelt midlar til å sikre fartøyet medan det ventar på at tilhøva ligg til rette for å starte opp ei større istandsetjing. Generelt vert det prioritert å føre vidare pågående prosjekt. Godt dokumenterte søknader og høg eigeninnsats er andre tilhøve som tel positivt, likeeins at fartøya er tilgjengelege for ålmenta. Dessutan er fleire av dei eldste og/eller mest sjeldsynte fartøya prioritert. På bakgrunn av desse tilhøva er fylgjande fartøy prioritert høgast i 2019: MS Axel, MB Amy, MF Bjørn-West, MY Fyk, SJ Mathilde og DS Stord I.

I tillegg til den fylkeskommunale tilskotsordninga fordeler både Riksantikvaren og Kulturminnefondet statlege midlar direkte til istandsetjing av fartøy. Freda og verna fartøy registrert i Hordaland har for 2019 fått tilsegn om kr 8 013 000 frå Riksantikvaren og kr 1 750 000 i førehandstilsegn for 2020. For å få ei god, samordna bruk av dei offentlege tilskotsmidlane til fartøyvern, vert det ikkje prioritert å gi tilskot til søkerar som har fått større tilsegn frå Riksantikvaren.

Nokre særlege omsyn gjer seg gjeldande i fartøyvernet. Ved utbetring og vedlikehald er verftstilgang eit knappheitsgode, både i høve tid for slippsetting, arbeidskapasitet og kompetanse. Det vert då særleg viktig å legge til rette for at arbeidet kan gjerast når det er naudsynt, praktisk mogeleg og verfta har ledig kapasitet. Difor kan det unntakvis forsvarast å dekke tiltak som er gjennomførte før tilskotshandsaminga. Tilskotsmidlane er òg med å halda ved like viktige, men små kunnskapsmiljø innan tradisjonshandverk.

Økonomi: Tildelinga er i samsvar med budsjett.

Klima: Fylkesrådmannen kan ikkje sjå at saka har relevans for td. klimaaavtrykk.

Folkehelse: Regional plan for folkehelse 2014 - 2025 - fleire gode leveår for alle: Kulturopplevelingar har positiv verknad på folkehelsa, og det er brei interesse og stor oppslutning rundt mange av fartøya.

Regional planstrategi: Tilskotsordningane er sentrale verkemiddel for å følgje opp viktige satsingar i Regional kulturplan 2015-2025 PREMISS: KULTUR.

Forslag til vedtak

1. Utval for kultur, idrett og regional utvikling fordeler tilskot til sikring og istandsetjing av verna fartøy slik:

Fartøy	Søkjar	Tildelt
MS Axel	Odd Harald Turøy	150 000
MB Amy	Gunnar Alexander Wilson Ramstad	250 000
MS Midthordland	Det Midthordlandske Dampskibsselskap AS	50 000
MB Vaarsol	Opsangervågen kystlag	40 000
MB Mot	Bergens Jæger- og Fiskerforening	30 000
MS Gamle Nyborg	Fraktefartøyet M/S Gamle Nyborg	50 000
MS Vestgar	Øygardsbåtane AS	Avslag
MF Bjørn-West	Opsangervågen Veteranbåtlag	120 000
MS Lindenes	Veteranbåtlaget MS Lindenes	30 000
MB Selma	John Audun Hauge	30 000
MB Sjøgutt	Terje Midtun	50 000
MY Fyk	Stiftinga Museumssenteret i Hordaland	200 000
MS Sunnhordland	HSD Sunnhordland AS	Avslag
MB Markol V	Bergen kommunale kystkultursenter	20 000
MS Lete	Stiftinga Halsnøy historiske senter	Avslag
MF Dokken	Opsangervågen Veteranbåtlag	70 000
MB Bjørn	Bergen kommunale kystkultursenter	20 000

MF Folgefonn I	Stiftinga Hardanger og Voss Museum	Avslag
MY Faun	Stiftinga Hardanger og Voss Museum	30 000
MK Vikingen	Stiftinga Hardanger og Voss Museum	50 000
SJ Mathilde	Stiftinga Hardanger og Voss Museum	100 000
DS Stord I	Stiftelsen D/S Stord I	290 000
MB Quest	Gerhard Eikeland	50 000
DS Oster	Nordhordland veteranbåtlag	50 000
MY Tysso	Kraftmuseet – Norsk vasskraft- og industristadmuseum	20 000

2. Dersom nokre av tiltaka ikkje let seg gjennomføre i tråd med føresetnadene for tildelinga, gjev Utval for kultur, idrett og regional utvikling administrasjonen høve til å omfordеле midlane til andre av dei omsøkte tiltaka.

Ingrid Kristine Holm Svendsen
kst. fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Vedlegg

- 1 Tilskot til sikring og istandsetjing av verna fartøy 2019. Omtale av søknadene

Fylkesrådmannen, 02.04.2019

Det vert vist til vedlegget med oversyn over søknadene og fylkesrådmannens grunngjeving til kvar søknad.